

MØTEBOK - TITTELBLAD - FORMANNSKAPET

Møtestad: Sognefjord Hotell	Møtedato: 11.12.08	Frå kl.: 10.00	Til kl.: 12.00
Møteleiar:	Ordførar Olav Lunden		
Møteinncalling: (kunngjering):	Sendt medlemmer og varamedlemmer 05.12.08		
Representantar som er borte:	Astri Taklo		
Vararepresentantar som er til stades:	Dina Lefdal		
Til stades:	I alt: 5	Av desse 1 vararepresentantar	
	Merknader:		
Andre framømte:	Rådmann Odd Arve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine Økonomirådgivar Ingunn Broch Hauge		
Saker som vart handsama:	Sak nr./år 133/08-138/08		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	Olav Lunden(sign) Jarle Andersen(sign) Dina Lefdal(sign) Birte Fossheim(sign) Steinar Fredheim(sign)		

MØTEPROTOKOLL

Formannskapet

Møtestad: **Sognefjord hotell**
Møtedato: **11.12.2008** Tid: 1000

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
133/08	08/295 Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009
134/08	08/669 Finansiering av investeringar som står udekka
135/08	08/727 Plan for forvaltningsrevisjon 2009 - 2011
136/08	08/728 Plan for selskapskontroll 2009 - 2011
137/08	07/876 Reglement for finansforvaltning
138/08	08/768 Kraftfondet - alternativ plassering

133/08

Økonomiplan 2009 - 2012 Årsbudsjett 2009

HANDSAMING:

Framlegg frå representanten Steinar Fredheim, Høgre:

Ramma for teknisk drift vert redusert med inntil 100% stillingsressurs ved teknisk uteavdeling. 200.000 kr vert overført til auka ramme for barnehagane og 100.000 kr for barneskulen.

Framlegget fall med 3 mot 2 røyster.

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik, samr.:

Kyrkja får auka ramma med 40.000 kr i 2009, dekkja med auka bruk av fond.
Lønnsauke i 2008 og 2009 vert dekkja frå lønnsreserven.
Godtgjersle til ordførar vert fastsett til kr.541.
Budsjett 2009 vert med desse endringane vedteke på netto rammer med ei saldering mot disposisjonsfond på kr.3.384.000.
Balanse i økonomiplanperioden 2009 – 2012 vert dekkja ved bruk av disposisjonsfond med tilsaman kr.11.719.000.

134/08

Finansiering av investeringar som står udekka

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Leikanger kommunestyre vedtek å dekkja inn udekka sum kr.929.224,31 på tidlegare investeringar med ubrukte lån til:

Vassleidning Holeskard	kr. 300.000,-
Kloakk Holeskard	kr. 256.169,-
Gangveg Holeskard	kr. 200.000,-
<u>Opprusting barneskulen</u>	<u>kr. 173.055,31</u>
Sum	kr. 929.224,31

dekkja eigenkapitaldel i KLP på kr. 495.482,- vert dekkja ved bruk av disposisjonsfondet.

135/08

Plan for forvaltningsrevisjon 2009 - 2011

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2009 – 2011 for Leikanger kommune som førelagt.

136/08

Plan for selskapskontroll 2009 - 2011

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek vedlagde plan for selskapskontroll for perioden 2009 – 2011, eller til ny plan vert vedteken.

137/08

Reglement for finansforvaltning

HANDSAMING:

Framlegg frå ordførar Olav Lunden:

Andre setning i 1.12 vert endra til: *”Det skal ikkje gjerast internasjonale aksjeinvesteringar.”* Kommunestyret tek reglementet opp til ny gjennomgang 1.halvår 2009

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder etter dette slik, samr.:

Leikanger kommune vedtek vedlagt reglement som sitt ”Reglement for finansforvaltning”.

138/08

Kraftfondet - alternativ plassering

FRAMLEGGET TIL VEDTAK lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek å la kapitalen til kraftfondet stå i ro inntil vidare med nåverande plassering i marknaden.

Kommunestyret vedtek å ta spørsmålet om alternativ plassering opp til ny vurdering når marknadsverdien har henta seg opp att t.d når hovudindeksen på Oslo Børs når 400.